

## **Touren kjem til Sykkylven!**

Årets første sykkelritt i Sykkylven vert Tour of Norway for Kids. Det er sjette sesongen dette populære barnerittet vert gjennomført med arrangement over heile Norge. I år skal det vere 60 ulike Tour of Norway ritt. Det heile startar i Ålesund 2. mai. Dagen etter kjem rittet til Sykkylven for første gong.

Tour of Norway for Kids er ein serie med ritt som vert drifta av selskapet Interspons på oppdrag frå Norges Cykleforbund. Tanken bak opplegget er å få fleire barn til å prøve sykling som idrettsaktivitet. Og det har arrangørane lukkast godt med. I fjor var det 15.000 unge syklistar med på eitt av Tour-ritt. Frå dei ritta som gjekk i perioden for Tour de France var det fyldige reportasjar i TV 2. Ein av grunnane til populariteten er at det på kvart einaste ritt vert trekt ut ein fin racersykkel til ein av deltakarane. Skal trur kven som vinn sykkelen i Sykkylven?

I tida framover skal Sykkylven Sykkelklubb arbeide med å finne ei eigna løype til vårt Tour of Norway for Kids. Det er eit krav at løypa skal vere stengt for all biltrafikk. I tillegg bør ho helst vere sentralt i kommunen slik at vi får mange publikummarar og god stemning rundt denne flotte sykkelmønstringa. Vi ser fram til 2. mai i år!

Eldar Høidal